



Ttm Ryttersport Tonje Marheim
Dalstøvegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2533 - 18/26639

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
02.01.2019

Godkjenning av fritak for gjødselplan GBNR 19/5 Dalstø

Administrativt vedtak. Saknr: 344/2018

Saksutgreiing:

TMT-Ryttersport ved Tonje Marheim og Terje Marheim søker om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på GBNR 19/5. Drifta er hestesenter og dei har 6 vaksne hestar som har inneføring i 8 mnd og 4 geiter. Dei har stort nok gjødsellager og gjødsla vert kjørt ut i dungar om vinteren, deretter spreidd for hand og harva ned i jorda. Dette vert gjort to gonger i året. I tillegg kjøper dei om lag 500 kg kalksalpeter som vert brukt til å gjødsla jordbruksarealet med.

Utrekning av spreieareal syner at det er 3,6 GDE (gjødseldyreiningar), men fråtrekk for beitepraksis gjev ein netto GDE på 2,8 som treng 11,4 daa fulldyrka jord som spreieareal. Totalt jordbruksareal er 34 daa, derav 11 fulldyrka, 19 daa overflatedyrka og 4 daa beite.

Arleg tilført næringsstoff p.r. daa /år på jordbruksarealet					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Totalt areal		Kg pr. daa			
500	kalksalpeter	34	alt jordbruksareal	14,7	2,3		
sum					2,3	0	0
38 m3	fast hestemøk	30	slåttemark	1,3 t/daa	4,55	1,3	6,5
Sum			alt jordbruksareal		6,85	1,3	6,5

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 2 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for nitrogen og har litt over 50 % av norm når det gjeldt fosfor- og kaliumgjødsling. Gjødsling skal tilpassast arealet til behov for gjødsling og maks mengde spreidd på eng bør ikkje overstiga 2,5 tonn pr. daa/år. Det er og viktig at ikkje gjødsla vert spreidd på same teigen kvart år, men fordelt utover på alt slåtteearealet. Harving er ein god måte å verta kvitt klumpar, og den beste tida for å spreie slik gjødsel er tidleg om våren.

Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (2,8 etter frådrag for beitetid) og har stort areal i høve til dyretalet, dette talar for å gje fritak for krav om gjødselplan.

Lagring/spreiing

Fast strøblanda gjødsel med meir enn 25 prosent (hestemøk) kan lagras direkte på bakken, men skal vera beskytta mot overflatevatn. På våre kantar vil det ofte i tillegg vera naudsynt å dekkja den til for å beskytta mot regn dersom den vert mellomlagra ute. Dette for å hindra avrenning frå gjødsla som kan føra til ureining.

Krav til spredning og nedmolding, jf gjødselvereforskriften § 23: Spredning uten nedmolding/nedfelling er tillatt fra våronnstart til 1. september. Det er forbudt å spre gjødselvarer på frossen og snødekt mark og i perioden 1. november til 15. februar. Dette er reglar som er sett i lovverket og som du som driv gard må forholde seg til. Det vil difor vera eit vilkår for å gje fritak for krav om gjødselplan at du heldt deg innanfor fristane som er sett. Det kan leggjast til at denne forskrifta er under revidering og at det er foreslått endringar som og kan ha betyding for di drift, men desse er ikkje vedtekne enno.

Konklusjon

Kommunen vil gje dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år på vilkår av at utkjøring og spreieing skjer innanfor dei tidsrammer som er sett i gjeldande regelverk. Dette for å unngå avrenning av næringsstoff frå areala.

Vedtak

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 31.12.2023 for gnr.16, bnr. 4, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Det er eit vilkår for vedtaket at søkjar forheld seg til ei kvar tid gjeldande reglar i gjødselvereforskrifta når det gjeld utkjøring og spreieing av hestemøk

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28,

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Terje Marheim	Dalstøvegen 86	5918	FREKHAUG
---------------	----------------	------	----------

Mottakere:

Ttm Ryttersport Tonje Marheim	Dalstøvegen 86	5918	FREKHAUG
-------------------------------	----------------	------	----------